

## Silje Skaro

---

**Fra:** Eirik Søyland Herdlevær <Eirik.Herdlever@museumvest.no>  
**Sendt:** mandag 29. mars 2021 12:25  
**Til:** Silje Skaro  
**Emne:** SV: Varsel om oppstart - detaljregulering «Hyttefelt på Alme» - reguleringsendring - Hareid kommune

### **Vedr. Varsel om oppstart - detaljregulering «Hyttefelt på Alme» - reguleringsendring - Hareid kommune. Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser til e-post motteke 12.03. 2021. Me viser også til tidligere fråsegn i saka.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hyttefelt på Alme i Hareid kommune som kan bli direkte råka av reguleringsendringa.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringsendringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegndene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

**Eirik Herdlevær | Bergens Sjøfartsmuseum**  
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 02 |  
[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)

---

**Fra:** Beate S. Ervik <Beate.Ervik@museumvest.no>  
**Sendt:** fredag 12. mars 2021 10:22  
**Til:** marinarkeologi <marinarkeologi@museumvest.no>  
**Emne:** VS: Varsel om oppstart - detaljregulering «Hyttefelt på Alme» - reguleringsendring - Hareid kommune

---

**Fra:** Silje Skaro <[silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no)>  
**Sendt:** fredag 12. mars 2021 09:46  
**Til:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no); [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no); [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no); [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no); [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no); Post Sjøfart <[postsjofart@museumvest.no](mailto:postsjofart@museumvest.no)>; [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no); [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no); [firmapost@morennett.no](mailto:firmapost@morennett.no); Postmottak Hareid <[postmottak@hareid.kommune.no](mailto:postmottak@hareid.kommune.no)>; [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no); [siw.olsen@hareid.kommune.no](mailto:siw.olsen@hareid.kommune.no); [johanbrandal@gmail.com](mailto:johanbrandal@gmail.com); [maritaregine53@gmail.com](mailto:maritaregine53@gmail.com)  
**Kopi:** Bjørnar Sporstøl <[bjornar@sporstol.no](mailto:bjornar@sporstol.no)>; 'ohf@hamnisenja.no' <[ohf@hamnisenja.no](mailto:ohf@hamnisenja.no)>; Cecilie Breiteig <[cecilie.breiteig@hareid.kommune.no](mailto:cecilie.breiteig@hareid.kommune.no)>; Jostei Storøy <[jostein.storoy1964@gmail.com](mailto:jostein.storoy1964@gmail.com)>  
**Emne:** Varsel om oppstart - detaljregulering «Hyttefelt på Alme» - reguleringsendring - Hareid kommune

Sjå vedlagte dokument som gjeld varsel om oppstart av detaljregulering – «Hyttefelt på Alme» - reguleringsendring, Hareid kommune.

Med vennleg helsing

**Silje Skarø**

Arkitekt

Tlf: 986 02 227

[silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no)

[www.sporstol.no](http://www.sporstol.no)





Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Dato: 06.04.2021  
Vår ref: 21/03297-2  
Deres ref:

## **Fråsegn til oppstart av reguleringsendring av hyttefelt på Alme, gbnr. 63/3 m.fl. i Hareid kommune**

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 10. mars 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

### **Om planen**

Gjeldande reguleringsplan blei vedteken i september 2017, og skal erstattast av den føreslegne reguleringsendringa. Forslagsstiller har overtatt og ønsker endringar i planen som bidrar til ein meir rasjonell utbygging av området.

### **Uttale frå DMF**

DMF ser i eksisterande plan at det førelegg planar om uttak av massar innafor planområdet for å anlegge molo. DMF er positiv til lokalt uttak for å minimere massetransport. Tiltaket er ikkje utgreidd i endringsforslaget, så DMF antar at tiltaket skal gjennomførast i tråd med eksisterande plan. I den forbindelse ønsker vi å minne om at minerallova gjeld i utgangspunktet for kvart eit uttak av mineralske førekomstar, jf. minerallova § 3. Loven gjeld likevel ikkje uttak som hovudsakleg skjer som ein del av ei anna utnytting av grunnen, for eksempel uttak som skjer i forbindelse med vegbygging. For å avklare om tiltaket faller inn under mineralloven ber vi i tillegg om at plandokumenta gjer greie for formålet med uttaket, uttaksområde, antatt volum på (type)massane som det planleggast å ta ut, og tidsperspektivet for uttak av masser. Vi anbefaler også å gje ein vurdering av om massane er eigna til utfyllingsformålet.

Dersom uttaket kjem inn under minerallova, vil vi minne om melde- og konsesjonsplikt etter minerallova:

- For samla uttak over 500 m<sup>3</sup> gjeld meldeplikt til DMF, jf. minerallova § 42. Melding skal sendes inn minst 30 dagar før oppstart av drift, og DMF kan krevje at det utarbeidast driftsplan for slike uttak.
- Samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse, samt kvart eit uttak av naturstein, krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Søknad skal sendes til



DMF. Rørte parter og lokale myndigheter vil høyrast før konsesjon eventuelt gis.

DMF kan elles ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi har derfor ingen ytterlegare merknader til varsel om oppstart av reguleringsendring av hyttefelt på Alme.

Dersom det i samband med vidare behandling av planen viser seg at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

For nærmere informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Henning Sigstad  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Sporstøl Arkitekter AS

Postboks 301

6067 ULSTEINVIK

Kopi til:



KYSTVERKET

SPORSTØL ARKITEKTER AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Vår ref  
2021/4127-2

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Børre Tennfjord

Dato  
29.03.2021

## **Uttale til varsel om oppstart - Detaljregulering for Hyttefelt Alme - Hareid kommune - Møre og Romsdal fylke.**

*Kystverket er eit direktorat i Samferdselsdepartementet og ein nasjonal etat for kystforvalting, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi arbeider aktivt for ein effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringa sine behov for framkome og ein berekraftig utvikling av kystsona. Vi optrer som eigar og forvaltar av farleisinstallasjonar, fyr og merke og medverkar som statleg fagstyremakt med sektoransvar i sjøarealet, medrekna det å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamner og bruk av farvatnet.*

Vi syner til brev datert 10.03.2021 med varsel om oppstart av endra plan for Hyttefelt på Alme i Hareid kommune. Varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-8.

### **Planen sitt føremål**

Planområdet er for det meste slik som førre plan vart vedteken og målar om lag 37 daa, inkludert om lag 8 daa sjøareal. Føremålet med planen er ikkje endra frå tidlegare plan og tek sikte på å legge til rette for framtidig hytteområde med sjøhus og småbåthamn. Gjeldande plan for området «Hyttefelt på Alme» vart vedteken 07.09.17. Ny plan vil erstatte og oppheve gjeldande reguleringsplan.

Planen skal utviklast som detaljregulering og er stort sett samsvarande med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplan for området.

### **Planstatus**

Kommuneplanen sin arealdel 2012–2024 for Hareid kommune, vedteken i 2012.

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2006–2018, vedteken i 2006.

Gjeldande reguleringsplan for Hyttefelt på Alme, vedteken i 2017.

### **Nasjonale forventingar til planlegginga**

For å fremje ein berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventingar til regional- og kommunal planlegging. Dette kjem fram i plan- og bygningslova sin § 6-1. Dei nasjonale forventingane skal leggjast til grunn for kommunen sitt planarbeid, samstundes som det er eit av grunnlag for statlege styresmakter sin medverknad i planlegginga.

Dei nasjonale forventingane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa ventar at kommunen legg særleg vekt på i den komande planlegginga.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vart vedteken den 14. mai 2019. Når Hareid kommune arbeider med aktuelle planforslag, må det vere med ei oppfatning om at nasjonale forventingar vert lagt vekt på i arbeida. Føremålet med dette er å sikre at planane er oppdatert og møter framtida sine behov.

## Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging

Siktemålet med desse retningslinene er samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og medverke til meir effektive planprosessar. Retningslinene skal bidra til eit godt samspel mellom kommune, stat og utbyggjarar for å sikre god stads- og byutvikling. Retningslinene legg vidare til grunn at;

*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

## Kystverket sin planmedverknad

Det generelle grunnlaget for Kystverket sin medverknad i plansaker finn vi i havne- og farvannsloven sin formålsparagraf;

### § 1. Formål

*Loven skal fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Loven skal ivareta nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.*

Kystverket har ansvar for at Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, føringar i Nasjonal transportplan (NTP) og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar, vert ivaretakne i planlegginga. Vi uttalar oss som eigar og forvaltar av farleisinstallasjonar, fyr og merke og som statleg fagstyremakt med sektoransvar i sjøarealet, irekna det å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av hamn og bruk av farvatnet/sjøtransport.

Vår vurdering er at kommunen sin påverknad på utviklinga i kystsonen og dei marine næringane, vil verte styrka dersom kommunen sine strategiske val og prioriteringar vedkomande sjøareala og dei marine næringane kjem klart fram i kommunen sin planstrategi og planarbeid for øvrig.

## Kystverket sine innspel

### Oppstartmeldinga

Plan- og bygningslov sin § 4-2 set krav om at alle planar etter lova skal ha ein planomtale som gjer greie for planen sitt føremål, hovudinhald og verknadar, samt planen sitt tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for området.

Vi har gått gjennom oppstartmeldinga for reguleringsprosessen, lokalisert til eigedom gnr.60, bnr.3, 32 og 33 på Alme i Hareid kommune. Sjølve varselet er kunngjort i samsvar med plan og bygningslova sin § 12-8 og er ein kortfatta omtale av planområdet si avgrensing og status, føremålet med planarbeidet, samt kven som er aktørar og korleis planmedverknaden er tenkt gjennomført. Saman med sjølve varselet er det lagt ved eit referat frå oppstartsmøte mellom kommunen og planleggerane, datert 16/02-2021, der kommunen har tilrådd oppstart av reguleringsrulleringa.

Varselet med vedlegg framstår som eit velformulert og presist oppsett og dekkjer dei krava ein ventar til ein reguleringsstart og til eit grunnlagsdokument. Varselet svarar ut dei forventingane ein har til eit kommunisert planinitiativ og ein planlagt gjennomføring.

Vi har med vising til sjølve varselet, ingen kommentarar knytt til planavgrensinga eller regulering si tilpassing.

### Lov om havner og farvann

Kystverket ønskjer å informere om Lov om havner og farvann av 01.01. 2020. Lova fører med seg ein viss endring i kommunane sitt forvaltningsansvar og mynde innanfor eigne sjøområde, jf. §§ 5 - 9 i ny lov.

Vi gjer og merksam på at tiltak og etableringar i eller i nærlieken av sjø, krev eigne løyver etter havne- og farvannsloven sin § 14. Utfylling i sjø og strandsonearronderingar, samt etablering av

*småbåthamner* er eksempel på tiltak som krev løyve til etablering etter nemnde lov. Dette gjeld og området for *kombinerte bygge- og anleggsområde* som er påteikna ordlyden *molo* og som i nokon grad vert bygd utanfor heimla grunn på gnr.60, bnr.3, 32 og 33.



### Planverktøy

Kystverket vil rå til at man nyttar KystInfo, Kystverket sitt eige planleggingsverktøy og kartteneste, som er å finne på <http://www.kystverket.no>. Her finn ein sjøkart med aktuell, oppdatert og sjørelaterte opplysingar.

### Generelle nasjonale bindingar

Reguleringa og gjennomføringsprosessen må innrette seg til grenseflate mot sjø i Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (F25.03.2011 nr. 335), fastsett ved kgl.res. av 25.mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27.juni 2008 § 62.

Reguleringa er vidare bunden til å følgje kommuneplanen sin arealdel for det som gjeld hovudføremål, både det som vedkjem landarealet, men og sjøarealet og tilknytte, gjeldande planvedtekter.

### Konsekvensar

Etablering av tiltak i eller i nærleiken av sjø kan få følgje for sikring og framkome i farvatnet. Gjennom planmedverknad vil vurderinga om planforslaget kan få konsekvensar for hovud- og bilei, vere sentralt for Kystverket.

### Natur- og miljøvern (naturmangfold)

I ein større samanheng er det avgjerande at ein identifiserar og etablerar ein samla oversikt over naturmangfaldet i planområdet og tilknytt randsone. Samla verknad av plantiltaka skal takast omsyn til.

I samband med planarbeidet bør det utarbeidast ein fagrappo, der ein omtalar og vurderar naturverdiar og mangfaldet i området og skalerar ein mogeleg verknad i aktuelle område. Vi ser dette for å vere naudsint kunnskapsgrunnlag for ein fullverdig plangjennomføring.

### Risiko og sårbarhet

I planarbeidet må ein sjå om det er behov for vurderingar omkring samfunnstryggleik og forureiningsfare knytt til ulukker/uhell i dei tilstøytande sjøområda og kva dei påreknelege konsekvensane vil vere for næringsinteresser, samfunn og natur.

Ein må syne kva ein endra arealbruk vil ha å seie for omgjevnadene, men og på kva måte omgjevnadene vil verke på arealbruken i planområdet. Vi ser for oss ein risikovurdering i tilknyting til framtidig stormflo, kombinert med ekstrem sjøgang og korleis desse momenta vil virke på nyetableringar og omgjevnadene innafor planområdet. Det bør settast opp kriterier og krav i planen sine nye føresegner, slik at naturpåverknadene ikkje vert eit kritisk moment i anlegga si levetid.

### Hamnestruktur

Den nasjonale hamnestrukturen legg føringar for statleg engasjement og framtidige statlege investeringar i det nasjonale godstransportsystemet. Kystverket skal medverke til at tilhøva vert lagt til rette for å auke parten av gods som vert transportert sjøvegen. Dette punktet er ikkje relevant i denne plansamanhengen.

### Navigasjonsinnretningar

Det finns eit stort tal på navigasjonsinnretningar som fyrlyster, lanterner, overrettar, stakar og jernstenger m.m. langs norskekysten. Navigasjonsinnretningane er plassert for å leggje til rette for trygg ferdsel i farvatnet, særleg er lysmerkinga viktig for trygg nattseglas.

Kystverket har innafor den framlagde planavgrensinga, ingen navigasjonsinnretningar som krev ettersyn og/eller vedlikehald. Ein kan difor i planlegginga av varsla reguleringsområde, sjå bort frå eventuelle krav til merkesystemet i farvatnet.

### Ankring-, opplag- og riggområder

Dette er område som dekkjer eit nasjonalt og regionalt behov og er derfor viktige å ta vare på i plansamanheng. Vi kan ikkje sjå at det er registrert slike områder innanfor planområdet og det vil følgjeleg ikkje ha verknad på planutviklinga i nokon særleg grad.

### Til planføreseggnene:

Der det er aktuelt å syne byggegrense langs sjø- og vassdrag, skal dette markerast med ein juridisk line. Merk at unntak frå 100-metersonen i bygge- og anleggsområder må gjerast med bruk av byggjegrense vedteken gjennom handsaminga av planen, jf. plan- og bygningsloven sin § 1-8 tredje ledd. I motsett fall vil byggjeforbodet i lovreglane likevel gjelde.

Utover desse meir generelle kommentarane og tilknytte merknadar, har vi ikkje andre innspel til varsla planoppstart.

Med helsing

Jan Morten Hansen  
avdelingsleder

Børre Tennfjord  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### Eksterne kopimottakarar:

Hareid kommune  
Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Norges vassdrags- og energidirektorat - Region Vest  
Fiskeridirektoratet Region Midt  
Statens Vegvesen Transport Midt

Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO

Vedlegg:



**Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid**

Silje Skaro

Vår referanse  
21/853 21/4529

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Anne Kathrine Løberg

Dato  
30.03.2021

**Uttale til detaljregulering «Hyttefelt på Alme» - reguleringsendring -  
Hareid kommune**

Med bakgrunn i våre saksfelt har vi ingen merknad til reguleringsendringa.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg  
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

SPORSTØL ARKITEKTER AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Dykker ref:	Dykker dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
1879	10.03.2021	42133/2021/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	16.04.2021

## **Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsendring - hyttefelt på Alme - fråsegn til oppstart**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Det er varsla oppstart av regulering for hyttefelt på Alme. Gjeldande plan for området «Hyttefelt på Alme» vart vedteken 07.09.17. Ny plan vil erstatte og oppheve gjeldande reguleringsplan. Endringane i høve til gjeldande plan omfattar mellom anna reduserte terrenghinngrep ved omlegging av veg, tilrettelegging for meir ferdsel i strandsona (flytting av parkeringsplassar) og mindre tomter.

Vi har ingen merknader til oppstartsvarselet.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

Kopi:  
Hareid kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Kystverket



Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Vår dato: 15.04.2021

Vår ref.: 202105855-3

Arkiv: 323

Dykkar dato: 12.03.2021

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ole-Jakob Sande

## **NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for hyttefelt på Alme - Reguleringsendring i Hareid kommune**

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 18.02.2021. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for å utvikle området til fritidsbustader m.m. Gjeldande plan vart vedteken i 2017, men det er funne grunnlag for å gjere endringar som utløyser ny planprosess.

### **Om NVE sine oppgåver og sektorinteresser**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

### **Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:**

- [Kartbasert sjekkliste-NVE-tema](#) – kartbasert rettleiing for reguleringsplan.
- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosesser som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgriast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.



- [Miljødirektoratet sin rettleiar om overvatn](#) gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegging.
- [Klimaservicesenteret/klimaprofilane](#) gir eit kortfatta samandrag av dagens klima, forventa klimaendringar og klimautfordringar.
- [Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing](#) av 28.09.2018 gir føringar for korleis kommunane skal ivareta klimaendringar i planlegginga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande [publikasjonar frå Norsk Vann](#) vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 - «*Veileddning i klimatilpasset overvannshåndtering*» og Norsk Vann sin rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*».
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

### Konkret innspel til planarbeidet:

I vedlegg til varselbrevet er endringane i planen gjort greie for. NVE har ikkje tatt konkret stilling til dei aktuelle endringane i planen no, og vi oppmodar om at planframlegget vert oppdatert med eventuell ny kunnskap før offentleg ettersyn.

I samband med utarbeiding av gjeldande plan vart det gjort skredfarevurdering av planområdet og faresoner vart regulert med omsynssone og tilhøyrande føresegner. NVE føreset at denne kunnskapen vert ført vidare til varsla planarbeid. Vi ber plankonsulenten om å vurdere om det er tilgjengeleg nye aktsemdeskart som tilseier at skredfarevurderinga bør reviderast.

NVE har utarbeidd og nyleg presentert ny rettleiar for [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#). NVE har som mål at rettleiaren skal vere eit godt hjelpemiddel for kommunar og tiltakshavarar som skal bestille vurderingar, og gi klarare retningslinjer for krav til innhald i rapportane. Vi oppmodar om at rettleiaren vert brukt ved bestilling av konsulentrapporatar, samt at rapportane vert utarbeidd i samsvar med rettleiaren.

### Ta omsyn til forventa klimaendringar

[Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) vart vedteke 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi rår til at de set dykk inn i planretningslinjene og sikrar at arealdisponeringa tek omsyn til eit klima i endring.

Fakta arket «[Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen](#)» gir ei kort skildring av korleis omsyn til klimaframskrivingar kan innarbeidast i arealplanane. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [klimaprofil for Møre og Romsdal fylke](#). Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om forventa klimaendringar i planarbeidet.

### Utbygging kan gi problem med overvatn

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda.



Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnettet, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.

**NVE si oppfølging av planarbeidet**

I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til NVE.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#).

*Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.*

Med helsing

Ann-Kristin Larsen  
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Hareid kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL



## Statens vegvesen

Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Ola Belsaas / 74122693 21/49450-3 Hyttefelt Alme 14.04.2021

### — Statens vegvesens uttalelse til varsel om oppstart – detaljregulering – Hyttefelt Alme – reguleringsendring – planID 20210001 – Hareid kommune

Vi viser til deres oversendelse datert 12. mars i år. Videre vises til vår uttalelse til samme plan (planID 20160002) av 07.04.17.

*Statens vegvesen har ansvar for å påse at føringene i Nasjonal transportplan, statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vognormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.*

#### Saksopplysninger

Saken gjelder endring av detaljregulering for «Hyttefelt på Alme» vedtatt 07.09.17. Med bakgrunn i eierskifte og ønske om en mer rasjonell utbygging enn hva gjeldende plan gir grunnlag for, er planen vesentlig endret – og fremmes nå opp til ny planbehandling i sin helhet. Målsetting med ny plan er ifølge planmaterialet å redusere fysiske terreng- og miljøinngrep, øke allmennhetens mulige ferdsel langs hele strandlinja og etablere tomter med mer tilpasset (mindre) størrelse. Planområdet har atkomst via kv. 2327 Almestranda.

Som statlig sektormyndighet for vegtransport har Statens vegvesen et selvstendig ansvar for å ivareta og bedre sikkerheten i vegtransporten. I lys av dette skal vi være en pådriver for at alle aktører bidrar til å oppfylle nullvisjonen og nasjonale målsettinger om trafikksikkerhet og framkommelighet på alle typer veger – for alle trafikantgrupper.

#### Statens vegvesen har derfor følgende kommentarer til varsel om planarbeid:

##### Arealbruk

- Redusert tomtestørrelse kan bidra til å redusere behovet for åpning av nye områder, med tilhørende trafikksikkerhetsmessige konfliktpunkt, andre steder. Dette er positivt.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firma\$post@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Byavegen 48  
7715 STEINKJER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### Vegsystem og trafikksikkerhet

- Det er generelt fornuftig at eksisterende veger og traséer i større grad tas i bruk, da disse ofte er hensiktsmessig anlagt i områder med bratt terreng.
- Det er også positivt at planendringen på en langt bedre måte separerer regulert turdrag/snarveg for gående fra kjørevegene.
- Vedlagt linjepålegg med vertikalprofiler for atkomstveger SKV2–4 er et sjeldent og positivt supplement. Dessverre er disse bare delvis lesbare for strekning nærmest hovedveg, men de synes all hovedsak å være i tråd med krav i vegnormalen (N100). Statens vegvesen forventer at dette blir tydeliggjort med det endelige planforslaget.
- Det oppgis at «*det er sett krav om at kommunevegen i planområdet får 30 km/t-sone, og sikta i avkjørsla vil då vere i tråd med krav.*» Spørsmål om fartsgrense behandles etter vegtrafikkloven som implisert i planbestemmelse § 5.1, og vi vil minne om at vedtak av en reguleringsplan ikke automatisk kan forskuttere nødvendig særlovsbehandling.
- Uavhengig av fartsgrense 30 eller 40 km/t som dimensjoneringsgrunnlag, tilskier all erfaring at disse fartsgrensene som regel må suppleres med fartsreduserende tiltak for å oppnå ønsket fartsnivå. Det synes derfor noe optimistisk å anta at fartsnivået vil endre som følge av endret skilting. Fartsreduserende tiltak er imidlertid heller ikke et tema for plan- og bygningsloven, og må behandles særskilt i egen prosess.

### Kartografi

- Det er positivt med regulerte hensynssoner for fri sikt (H140). Tross beskjeden om økt trafikkmenge og antatt moderat fartsnivå i planområdet, mener vi likevel at fri sikt bør framgå målsatt av plankart og planens bestemmelser for de aktuelle kryssene.

Når det gjelder vegforhold for øvrig, viser vi til egen uttalelse fra Møre og Romsdal fylkeskommune.

Statens vegvesen gjør også oppmerksom på at dette er en veiledende uttalelse basert på de opplysningene som framkommer av oppstartsvarselet. Vi vil komme tilbake med en endelig uttalelse når planen sendes på høring.

Transportforvaltning midt 2

Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Ola Belsaas

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

## **Hareid kommune gnr60 bnr3, 32 og 33**

### **Detaljregulering - reguleringsendring - for hyttefelt på Alme**

### **Oppstart**

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### **Bakgrunn**

Det er varsle om oppstart av arbeid med privat detaljreguleringsplan for hyttefelt på Alme. Planområdet er på om lag 37,5 dekar. Gjeldande reguleringsplan for området blei vedtatt i 2017. Planområdet er det same som i gjeldande reguleringsplan, men forslagsstillerønskjer ei anna utbygging enn gjeldande plan opnar for.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### **Planfagleg**

Området er naturskjønt og har store landskapskvalitetar. For at beslutningsmynde skal ha høve til å setje seg inn i korleis ferdig utbygd område vil framstå, ber vi om at det utarbeidast gode og realistiske illustrasjonar som leggast fram ved offentleg ettersyn.

#### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Her er det potensiell fare for skred, men i ROS-analysen blir det referert til rapport fra geolog. Vi kan ikkje sjå at denne ligg vedlagt. Vår fråsegn til planen er avhengig av kva som går fram av denne rapporten, så denne må leggast fram.

### Konklusjon

Vi ber om at rapport frå geolog leggast fram. Vi ber også om at det utarbeidast gode illustrasjonar for å vise korleis ferdig utbygd område vil sjå ut.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf.: 71 25 84 89

Kopi til:

HAREID KOMMUNE	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE

**Fra:** [Øystein Alme](#)  
**Til:** [Silje Skaro](#)  
**Emne:** Hyttefelt Alme 2021  
**Dato:** tirsdag 13. april 2021 21:18:14  
**Vedlegg:** [Merknad til varsel om oppstart av detaljregulering Gnr63 Bnr3.odt](#)

---

Viser til varsel om oppstart planarbeid for detaljregulering Hyttefelt på Alme-reguleringsendring, planID 20210001

Etter det eg kan sjå er ikkje Halvarvegen (gangråsa) lenger å sjå på vedlagt kart.  
Denne gangråsa har eg sendt inn ein merknad på tidlegare, datert 24.10.15 (sjå vedlegg).  
Ber om at det vert gjort nødvendige endringar på kartet slik at vi kan vere sikre på at vi får behalde turråsa som i dag.

Eg vil dessutan seie at eg er svært uroa over den komande auken i trafikk som utvidinga av dette hyttefeltet vil føre til.  
Det må slik eg kan sjå det, gjerast nødvendige tiltak forbi alle gardstun.

Beste helsing,  
Øystein Alme  
Almestranda 335

Sporstøl Arkitekter AS  
Boks 301  
6067 Ulsteinvik

Alme, 24.10.15

**Merknad til varsel om oppstart av detaljregulering, Gnr.63 Bnr.3, Alme.**

Viser til kunngjering i Vikebladet 26.09.2015.

Etter det eg kan sjå av planforslaget som ligg føre og sjølvsyn i terrenget, vil deler av området kome i konflikt med ei gangrås som startar i Leitebakken og endar opp i Kleivavegen.

Gangråsa, som er kalla Halvarvegen, har vore mykje nytta av folket nord på Almestranda både i dag og frå gammalt av. Den er i dag skilta (ved Kleivavegen) som tursti.

Hallvarvegen er ei blanding av rås/ opplødd stein, så utan tvil noko som må takast vare på for ettertida.

På vedlagt kartutsnittet har eg tegna inn omlag kvar Halvarvegen går.

Ber om at det vert gjort nødvendige endringar på planforslaget slik at vi får behalde turråsa som i dag.

Beste helsing,

Øystein Alme  
Almestranda 335  
Gnr.63 Bnr.2  
Mob.tlf.: 95 82 99 42  
E-post: oystein.alme@rolls-royce.com

Kopi: Hareid Kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 Hareid